

1 **Forslag 6.5**

2
3

4 **Naturvernforbundet krev satsing på energisparing og tiltak**
5 **med Kvite sertifikat**

6
7 Kvite sertifikat er eit verkemiddel for å styrke energieffektivisering. Det er ei ordning der energi som
8 blir spara som følgje av tiltak får eit kvitt sertifikat. Etter 10 år med Enova og tilskott til
9 energieffektivisering, viser utgreiingar at det framleis er svært mange gode sparetiltak som ikkje blir
10 gjennomført. Grunnane til dette kan være at Enova bare kan gi tilskott til tiltak med låg lønsemd, og
11 at kostnaden ved å sløse ikkje er høg nok.

12 Med systematisk energioppfølging der tidlegare forbruk blir referert til i høve til klima og
13 bruk, skal ein kunne få godkjend spara energi som kvit energi. Etter kvart år blir det avregna kor stor
14 del kvit energi ein får godkjend. På same måte som kraftselgere er pålagd å ha ein viss del energi med
15 grønt sertifikat, kan ein gje pålegg om ein viss del energi med kvitt sertifikat. Dette vil føre til at
16 byggeigarar vil få endå betre lønsemd og kraftselskap større press på å gjennomføre tiltak. Eksempel
17 på områder der det er stort potensiale for sparing er: varmestyring, luftskifte i høve til behov og
18 sirkulasjonstap i varmesystem.

19 Frigjort energi er meir miljøvennlig enn all anna ny produksjon.

20

- 21 • Landsmøtet i Naturvernforbundet krev at det blir sett i gang utgreiing av ordning med kvite
- 22 sertifikat.
- 23 • I tillegg krev Naturvernforbundet at staten sett i gang prøveprosjekt med kvite sertifikat for
- 24 eigne verksemdar. Før det blir etablert ein marknad, kan prisen bli sett til same nivå som for
- 25 grøne sertifikat.

26

27

28

Forslagsstiller: Naturvernforbund i Sør-Trøndelag

29

30